



**ÅRSMELDING 2007**  
med årsrekneskap

# 1. Organisasjon og styre

## 1.1. Organisasjonsform

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum er ei frittstående, ålmann stifting med egne vedtekter og eige styre. Museet sitt hovudkontor ligg i Naustbakken 7, Tyssedal. Museet leiger store deler av Tysso I kraftanlegg Naustbakken 3 og 7 i Tyssedal. I Odda sentrum eig museet Folgefonngata 9 og disponerer Folgefonngata 11 og 13 som er eigd av Odda kommune. Museet kjøpte Tveitabrotet 1 i Tyssedal i 2007.

## 1.2. Føremålsparagraf

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden. I denne samanheng skal museet syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur.

Museet skal vera eit senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet skal bevare, forvalta og formidla det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

## 1.3. Stiftarar

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum sine stiftarar: Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tinfos Titan og Iron K/S), A/S Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Odda og Omland), BKK, Bjølvfossen ASA, DNN Industrier, E-CO vannkraft as, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & it forbundet), Energibedriftenes Landsforening (EBL), E-verkenes fagforening, Vestlandet, Haugaland Kraft, Hardanger og Voss regionråd, Herdlandsfoss Kraftverk, Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag, Kvinnherad Energi, Lederne, LO Noreg, NIVA, NHO-Hordaland, Norsk Arbeidsmannsforbund, Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Fagforbundet for industri og energi, Norges Ingeniørorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Forening (no: Tekna), Odda Energi, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), SINTEF, Statkraft, Sunnhordland Kraftlag, Ullensvang herad.

Vedtektene opnar for innlemming av nye stiftarar.

## 1.4. Styret i 2007

	Styremedlemmer:	Vara-medlemmer:
<b>Odda kommune</b>	Aslaug Halland, styreleiar til nov. 2007	Ole Jørgen Jondahl
<b>Hordaland Fylkeskommune</b>	Oddvar J. Jensen, nestleiar, styreleiar frå nov. 2007	Vidar Våde
<b>Statkraft SF</b>	Magne Leikvoll	Bjørnar Olsen
<b>Museumslaget</b>	Halvor Johan Bådsvik	Geir I. Engesæther
<b>Norsk Industri</b>	Finn Langeland	Harald Grande til desember 2007
<b>LO i Odda og omland</b>	Solfrid Horne-Moe til desember 2007	Nils Johan Ystanes til desember 2007
<b>Dei tilsette</b>	Terje Kollbotn	Elisabeth Bjørsvik

### OBSERVATØR

<b>Noregs vassdrags- og energidirektorat</b>	Per Einar Faugli	Gunnstein Brakestad
--	------------------	---------------------

Styret hadde 4 styremøte i 2007 og handsama 51 saker. Kvinnerepresentasjonen i styret er 28,5%, med varamedlemmer, 21,4%. Hovudutfordringa i 2007 var Unesco-saka. Denne førte til meirarbeid for mange tilsette, og media si framstilling av saka var i periodar ei stor belastning, spesielt for administrasjonen. Styret hadde i oktober ei intern og konfidensiell drøfting på bakgrunn av påstandar som var satt fram av eit mindretal av styre/varamedlemmer om NVIM si rolle i saka. Etter denne drøftinga valde eitt styremedlem og to varamedlemmer å trekkje seg frå verva sine. Fleirtalet i styret var opne for ei anna løysing. Andre saker styret har arbeidd med i 2007 er: endring av vedtekter og arbeid med styreinstruks.



Aslaug Halland gjekk av som styreleiar i november 2007. Ho vart styreleiar i 1992 og har vore med i styret sidan museet vart stifta i 1988. Ho har leia museet med stò hand desse åra og har i stor grad bidrege til museet si positive utvikling. Tusen takk for innsatsen, Aslaug.

## 1.5. Økonomi

Det føreligg føresetnad om framleis drift, og årsrekneskapan for 2007 er sett opp under denne føresetnad.

NVIM mottek faste driftstilskot frå: Kultur og Kyrkjedepartementet, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Riksantikvaren, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Statkraft SF.

## 2. Personale

Ved NVIM vart det i 2007 utført 28,06 årsverk. Dette inkluderer tiltaksplassane på APS senteret. I ordinær museumsverksemd vart det utført 18,82 årsverk. I dette talet er det stipulert frivillig innsats tilsvarende 0,5 årsverk.

NVIM hadde ved utgangen av 2007 14,5 faste stillingar:

Administrasjon	4 stillingar (inkl. forskingsleiar)
Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS)	1 stilling
Avdeling for innsamling, dokumentasjon og forskning (IDF)	3,5 stillingar
Avdeling for formidling	2 stillingar
Avdeling for bygg- og anlegg	4 stillingar

Direktør hadde permisjon i 80% til 1. november. Nestleiar gjekk då tilbake til ordinær stilling. I 2007 har vi innvilga permisjonar for fast tilsette. Vi fekk vår første pensjonist då Lars J. Låte tok ut 40% pensjon frå juli. I alt vart det utført 12,3 årsverk i faste stillingar ved NVIM i 2007.

### 2.1. Engasjement, korttidstilsette og sysselsette

Engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførde i 2007 6 årsverk og vart dekkja av i alt 30 personar. Dette er m.a. prosjektleiar for prosjektet "ABM i partnerskap" og sesongarbeidarar.

### 2.2. APS –senteret

Senteret har avslutta sitt tredje driftsår. Talet på tiltaksplassar vart i 2007 utvida frå fem til åtte plassar. Dagleg leiar er fast tilsett ved NVIM. Tiltakssenteret tilbyr varierte oppgåver, tilpassa den enkelte. Arbeidet ved senteret er ei blanding av støttefunksjonar for museet og oppdrag for eksterne og interne bidragsytarar. APS senteret flytta i mars 2007 til Skjeggedalsveien 1C i Tyssedal. Det har vore 14 deltakarar på tiltaket. APS hadde egne inntekter på vel 220 000 kroner. Dette gjennom prosjekt som stell av grøntareal, sal av ved, ryddeoppdrag, skogrydding, oppussingsprosjekt, med meir.

## 2.3. Likestilling

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, lønnsmessig og sosialt. Fordelinga av menn og kvinner blant dei fast tilsette er ca. 50%. Leiargruppa består av tre kvinner og avdelingsleiarane er ei kvinne og tre menn.

## 2.4. Helse, miljø og tryggleik

Fråverrsstatistikk: NVIM hadde eit ordinært sjukefråver på 2,15%. Dette er ei nedgang frå 2006 på heile 3,67%. NVIM hadde ikkje langtidssjukefråvær i 2007 og vi har ikkje hatt arbeidsulukker. NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste.

Verksemda forureina ikkje det ytre miljø i 2007.

## 3. UNESCO

25. januar deltok Aslaug Halland, Oddvar J. Jensen og Randi Bårtvedt i møte i Oslo som ordførar Toralf Mikkelsen hadde med miljøvernminister Helen Bjørnøy. Miljøvernministeren kunngjorde at Riksantikvaren hadde godkjend Rjukan-Tyssedal-Odda for tentativ liste. Møtet konkluderte med at Riksantikvaren skulle gje ei vurdering av Odda-Tyssedal-Rjukan som serienominert kandidat til tentativ liste UNESCO innan sommaren 2007. Ordførar og styreleiar inviterte miljøvernministeren til Odda i mai.

Aslaug Halland og Randi Bårtvedt deltok i arbeidet til Odda kommune med å førebu informasjonsmøte om UNESCO søknaden. Møtet vart halde den 21. mars som eit ope folkemøte. Aslaug og Randi deltok også i førebuing av informasjonsopplegg sommaren 2007 med nytt folkemøte den 28. august, omvising Odda smelteverk og informasjonsbrosjyre som vart distribuert til alle. Odda kommune gjennomførte folkerøysting om UNESCO 10. september.

NVIM var vertskap for Claus Stiens frå Zollverein, som heldt foredrag og gav sine råd til Odda i eit møte på Meieriet. Der var også lysdesignar Jonathan Park foredragshaldar etter synfaringar i Odda med Oddakonsertane og NVIM.



Jonathan Park, verdskjend lysdesignar, og Claus Stiens frå Zollverein ([www.zollverein.de](http://www.zollverein.de)) likte det dei såg i Tyssø I kraftstasjon

## 4. Besøk 2007

Igjen visar statistikken nedgang. Ei hovudårsak til dette er at vi no teller besøk strengare og i tråd med sentrale retningslinjer. Statistikk for rein utleige av lokale utan formidlingsopplegg er t.d. ikkje med. Vi hadde ein unormalt svak juni og generell nedgang sommaren sett under eitt. Generelt kan ein seie at norske besøkande har svikta og at tyskarane framleis dominerer mellom utlendingane.

Sommaren 2007 vart fri vandring i stasjonen prøvd ut. Opplegget tvang seg fram grunna mangel på personale tidleg i sesongen. Det vart laga ein liten faldar på engelsk, tysk og norsk som turistane hadde med seg. Kaféen i stasjonen gjorde at vi hadde ein museumsvert på plass deler av tida, som m.a. kunne svare på spørsmål. Etter forholda fungerte opplegget og vi arbeider vidare med dette i 2008.

### Totaloversikt besøk frå 2005 – 2007

Månad \ år	Tyssedal			Folgefongata			Andre	Total		
	2005	2006	2007	2005	2006	2007	2007	2005	2006	2007
Januar	195	309	52	14	0			209	309	65
Februar	165	220	47	0	9	13		165	229	60
Mars	278	301	47	18	27	6		296	328	53
April	264	595	109	120	58			384	653	109
Mai	2 409	957	1 305	0	28	45		2 409	985	1 350
Juni	1 625	1 292	797	23	142	48		1 648	1 434	845
Juli	2 165	1 123	1 127	7	21	81		2 172	1 144	1 208
August	2 287	1 433	1 467	0	55			2 287	1 488	1 467
September	1 061	1 362	1 001	0	298	7	530	1 061	1 660	1 538
Oktober	489	479	362	3	250	61		492	729	423
November	294	306	523	150	186	209		444	492	732
Desember	395	397	158	58	0			453	397	158
Sum	11 627	8 774	6 995	393	1 074	470	530	12 020	9 848	8 008

### 4.1. Pedagogiske tiltak

NVIM har også i 2007 vore aktiv medspelar i Den Kulturelle Skulesekken Vi har gjennomført dei same programma for skuleelevar på ulike trinn i fleire år og haustar gode tilbakemeldingar. Vi har følgjande tilbod: 7. klasse: ”kraft i kvar dråpe og aktivitet i Tyssø III miniputtkraftverk, 8. klasse: ”Odda by” er lagt i Folgefongata, 10. klasse var på Lilletopp og gjekk ”Røyrगतelangs – på jakt etter vatnet”.

Vardafjell vidaregåande skole i Haugesund kom med 100 elevar. De fekk: ”Industristaden si utvikling frå 1900 til i dag – Befolkningsutvikling, lokaliseringfaktorar og miljøkonsekvensar”. Vi har også hatt besøk frå Sandsli vidaregåande skole i Bergen og Kvinnherad vidaregåande.

### 4.2. Prosjekt: Odda Vitensenter

Prosjekt ”Odda Vitensenter” er vidareført og den oppsette progresjon for 2007 er følgd så langt som råd. Prosjektet har og rusta opp Laboratoriet på Smelteverket. Bygget blei tatt i bruk ved ei svært vellukka prøveopning helga 1. og 2. september med 500 besøkjande og mange lovord. Vitensenteret inngjekk som ein del av prosjektet oddaprosessen.no

### 4.3. Arrangement:

- Seminar:** ”M/Y Tyssø – presentasjon og status for restaureringa”  
”Arkiv – den skjulte ressursen” - Fagkonferanse  
Med arkitekturhistorisk blick på den vestlandske industristaden - Siri Skjold Lexau
- Utstillingar:** Sommarutstilling med Harding Puls m. opningsarrangement i Tyssø I  
Vandreutstilling frå Hordaland Kunstsenter
- Konsertar:** Hardanger musikkfest: Nattkonsert i Tyssø I  
”I Rallarens forspor”: Åse Kleveland, Lars Klevstrand og Helge Jordal på Lilletopp  
Pektoral: kor fra Ukraina i Tyssø I  
Sommarkonsert med Ørjan Hartveit m.fl
- Familiedagar:** Ein i Folgefongata, to på Lilletopp og ein i Tyssø III
- Andre arr.:** Offisiell opning av det freda Tyssø I kraftanlegg - v/Miljøvernminister Helen Bjørnøy  
Arkivenes dag – vatn i arkiva  
Juleverkstad i Folgefongata – i regi av Museumslaget  
Formidlingstreff: Forum for museumsformidlarar frå Hordaland



## 5. Fagleg verksemd i 2007

### 5.1. Bygningar og Anlegg

#### 5.1.1. Tyssedal kraftanlegg

Våren 2007 var det freda Tyssedal kraftanlegg ferdig restaurert, etter sju års innsats. Dette vart markert av miljøvernminister Helen Bjørnøy på Lilletopp på pinsaftan 2007 Oppsummering restaureringsarbeidet 2000-2007 er gjort i ein sluttrapport og eit biletspel med musikk (Tyssø Calypso – 7 år med restaurering på 7 minutt).



Miljøvernminister Helen Bjørnøy markerte ferdigstilling av restaurering av Tyssedal kraftanlegg i pinsen.

Riksantikvaren løyvde 2 millionar til forvaltning, drift, og vedlikehald (FDV) av anlegget. I tillegg løyvde OED via NVE museumsordning 740 000 til periodisk vedlikehald og husleige. Årsrapporten for Tyssø fjernvarmeanlegg syner stor miljømessig og økonomisk gevinst både i 2007 og for heile driftsperioden frå 2004. I 2007 vart det og gjennomført ulike publikumstiltak i Tyssedal kraftanlegg, t.d. lys i nedre del av vassunnelane og lys- og lydrigg i indre fordelingsbasseng på Lilletopp.

#### 5.1.2. Folgefongata

Det vart utført mur- og pussutbetringar i anlegget, og to vindauge vart restaurert. Hagen vart halden vedlike i samarbeid med APS.

#### 5.1.3. Statkraftstova

Ventilasjonsanlegget vart oppgradert og rutinane for teknisk drift og vedlikehald vart gjennomgått med Statkraft. Tilsynsavtalen mellom NVIM og Statkraft vart fornya, og gjeld no inntil ein av partane seier opp avtalen.

#### 5.1.4. Andre bygg

Det vart installert fjernvarmeanlegg i Naustbakken 7 (administrasjonsbygget) med godt resultat. Dette er og kobla til ventilasjonsanlegget. Nye skilt rundt Naustbakken 7 og oppmerking av parkeringsplassar er på plass. I desember 2007 gjennomførte brannsjefen i Odda kommune branntilsyn i bygga som NVIM disponerer.

#### 5.1.5. Tyssøverkstaden.

I samarbeidet med Odda kommune i prosjekt oddaprosessen.no laga NVIM ein rapport om tilstand, restaureringsbehov, kostnader og framdriftsplan for port området ved det tidlegare Odda Smelteverk (OddaSmelt1-rapporten). Dette var ein del av prosjektet Oddaprosessen.no – verdiskaping gjennom kulturminner (s.d. kap.6.1.). Rapporten la grunnlag for søknader og tilskot frå Riksantikvaren og Norsk Kulturminnefond. Tyssøverkstaden v/bygg- og anleggsavdelinga ved NVIM har vore involvert i restaureringsarbeid av Laboratoriet til Vitensenter, portbygg sør og nord og Containerverkstaden (Folgeform) i 2007. Tyssøverkstaden har og tatt på seg oppdrag for Odda kommune (oppgradering av vasskraftmonumentet Elektra på Tveitahaugen) og A/S Tyssøfaldene (uteområdet bak kraftstasjonen) og vore involvert i restaurering motoren til båten M/Y Tyssø.

### 5.2. Samlingane

I 2007 tok vi aktivt i bruk museet sine nettsider for å formidla frå samlingar og forskingsarbeid. Det blei lagt ut artiklar, foto, erindringar og arkivdokument under nye tema som "Vatn og vassdrag" og "Industrihistorie".

#### 5.2.1. Fotosamlinga

Digitalisering og teksting av fotosamling etter Odda Smelteverk er vidareført.

Vi passerte tilvekstnummer 6100 for foto i WinRegimus-basen. WinRegimus registrering vart avslutta pr. 1. november grunna overgang til Primus i 2008. Arbeidet med Primus er i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, fylkesarkivet.

Museet har presentert ein serie med 122 historiske bilete i HF i 2007. Fotoavdelinga har hatt om lag 50 oppdrag for framfinning av over 970 foto. Det er aukande etterspurnad etter fotosamlinga vår. Vi var mellom anna bidragsytar til 50-årsjubileet for Odda Rådhus.

#### 5.2.2. Bibliotek og klippesamling

I samband med at fotoarkivar/fotograf gjekk ut i permisjon frå mai 2007 vart det som vikar for han tilsett bibliotekar. Dette vart gjort for å gi andre deler av museet sine samlingar eit løft slik at desse etterkvar kan kome på nivå med fotosamlinga vår. IT-samarbeid i regi av prosjektet ABM i partnerskap (s.d. kap. 5.3.1.), har gjort NVIM sin bibliotekatalog søkbar på nett via Odda bibliotek. Dette er eit viktig framsteg.

### 5.2.3. Arkivet

Arkivprosjektet: Nedpakking av arkiv på Odda Smelteverk er vidareført. Dokumentasjon av og arbeid med kart- og teikningsarkiv er påbegynt i samråd med Odda kommune. Dette inngår som ein del av prosjektet [oddaprosessen.no](http://oddaprosessen.no) (s.d kap. 6.1).

### 5.2.4. Gjenstandssamling

NVIM har innreidd nytt lager for gjenstandar i Tyssedal. Tidlegare lager i brannstasjonen i Tyssedal er tømt og lageret i Fellesbakeriet er delvis tømt i samarbeid med APS-senteret. Fotografering av gjenstandar er vidareført. WinRegimus-registrering av gjenstandar tilhøyrande Folgefonngata 9 er også vidareført. Planlagt registrering av gjenstandar relatert til vatn og kraftanlegget er utsett. WinReg-registrering er avslutta 1. nov for overgang til Primus i 2008.

### 5.2.5. Studentstipendet

Det vart ikkje delt ut stipend i 2007.

### 5.2.6. Forskning:

Elisabeth Bjørsvik og Per Einar Faugli (NVE) presenterte paper om vassdragsvern og kraftutbygging på IWHA (International Water History Association) konferansen i Finland i juni. Artiklar frå Tyssedalkonferansen 2006 er publisert i heftet *Vannkraft og kraftkrevende industri 1900-2006*. Forskar ved museet har skrive artikkelen *Gjødselproduksjon i verdensklasse*. Vi har arbeidd med heimfall som del av Samtidsnettverket sitt forskingsprosjekt *På sporet av den tapte samtid*.

## 5.3. Prosjekt

### 5.3.1. ABM i partnerskap

Dette prosjektet vart oppretta i 2004 med støtte frå ABM-utvikling. Prosjektet er banebrytande for utvikling av samhandlingsmodellar mellom ulike aktørar innan arkiv, bibliotek og museum. 21.–22. mars samla prosjektet 43 deltakarar til konferansen "Arkiv – den skjulte ressursen" i Tyssedal.



Prosjektleiar Eirik Øgaard hadde ansvaret for seminaret "Arkiv – den skjulte ressursen".

Samarbeidsavtalen ein utvikla tidleg i prosjektet er revidert og føreligg no som forslag til varig avtale. Arbeidet mot nettportaløysing er vidareført.

### 5.3.2. Samlingane etter Holm og Kiberg

Det er teke initiativ etablere bruk av samlingane i samband med ombygging av bibliotek/kino i Odda rådhus utan at dette er avklart. Ein har vore i kontakt med Nasjonalbiblioteket for digitalisering av De hvite kull før mai 2008. Vi har fått positiv respons, men heller ikkje denne saka er endeleg avklart.

## 6. Samarbeid med andre

NVIM er med i Samtidsnettverket og har delteke på de to møta i nettverket. Museet er også del av Riksantikvaren sitt nettverk av 10 tekniske industrielle anlegg, også kalla Industri musea sitt felles råd.

Museumslaget til NVIM er også viktige støttespelarar og stiller opp som hjelp ved arrangement og som viktige støttespelarar i lokalsamfunnet.

### 6.1. NVEs museumsordning

Museet er hovudsamarbeidspart i NVE si museumsordning saman med Norsk Skogmuseum. Som del av dette samarbeidet har vi arbeidd med vassdragsvern og flom for internett og laget undervisningsopplegget *Vasskraftutbygging i miniatyr*.

### 6.2. TICCIH

NVIM er sekretariat for vasskraft og kraftkrevjande industri i Ticcih (The International Committee for the Conservation of the Industrial Heritage). Randi Bårtvedt og Elisabeth Bjørsvik deltok på Ticcih-konferanse i Frankrike i juni med foredrag om Norge som vatnland og museets rolle som sekretariat. Vi har skrive ein artikkel om industrikulturarv til konferanserapporten. I tillegg er det sendt inn informasjon til Ticcih bulletin om oppgåvene og ambisjonane museet har. Stuart Smith har på oppdrag frå museet utarbeida retningslinjer for sekretariatsfunksjonen.

### 6.3. Pilotprosjektet Oddaprosessen.no

NVIM er partner med Odda kommune i pilotprosjektet Oddaprosessen.no. Prosjektet er eit av 11 nasjonale pilotprosjekt frå 2006-2010 i Riksantikvaren/Miljøverndepartementet sitt program "Kulturminne og verdiskaping". Oddaprojektet skal i hovudsak arbeida med smelteverksområdet og byutvikling, samt reiselivsutvikling med kulturarv og historie som ressurs.

NVIM har hatt ansvar for utarbeiding av tilstandsrapport for bygg i port området Odda smelteverk. NVIM har deltatt i prosjektleiing av restaureringsprosjektet Oddasmelt1 og i søknadsarbeid samt planar for vidareføring 2008. Aslaug Halland har deltatt i styringsgruppa.

#### **6.4. Odda i utvikling**

Prosjektet er eit stad- og reiselivsprosjekt i regi av Odda kommune frå 2005-2007. Randi Bårtvedt var tilsett som prosjektleiar i kommunen. Aslaug Halland representerte NVIM i styringsgruppa.

## **7. Oppsummering**

2007 var nok eit unnataks år i museet si historie, mykje på grunn UNESCO saka, som har vore ei utfordring for organisasjonen til eit lite museum. Samstundes har vi i samband med dette arbeidet løfta oss fagleg.

Arbeidet med TICCIH har skapt viktige nasjonale og internasjonale relasjonar. Vi er eit museum som i tråd med føremålsparagrafen vår er blitt "eit senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring."

Styret og administrasjonen takkar alle samarbeidspartar og støttespelarar i 2007.

**Tyssedal , den 27. mars 2008**

*Oddvar Johan Jensen*  
Styreleiar

*Toralf Mikkelsen*  
Nestleiar

*Magne Leikvoll*  
Styremedlem

*Halvor Johan Bådsvik*  
Styremedlem

*Elisabeth Bjørsvik*  
Styremedlem

*Finn Langeland*  
Styremedlem

*Randi Bårtvedt*  
Direktør

Hald deg orientert om kva som skjer på NVIM.

**[www.nvim.no](http://www.nvim.no)**